



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Vår referanse:
23/499/23/8465/17/RML

Arkivkode:
FA-S11

Dykkar referanse:

Dato:
28.08.2023

Fråsegn om planendringssøknad og forlenging av byggefrist for Aldselva kraftverk

Syner til skrivet frå NVE av 01.06.2023 med høyring av planendringssøknad og forlenging av byggefrist for Aldselva kraftverk i Samnanger kommune.

Vår vurdering

Samnanger kommune fekk utvida frist til å komme med uttale til 30.08.2023.

Endringane som er søkt om i planendringane frå Aldal Kraft AS, vert vurdert som mindre omfattande enn den opphavlege konsesjonssøknaden frå Aldal Kraft AS. Justeringa av plasseringa av inntaket, er ei forbetring med mindre naturinngrep enn i den opphavlege konsesjonssøknaden. At det no blir ein enkel terskel i utløpet på ca. 1 meter i høgde og ca. 10-12 meter i lengde, gjer at det blir mindre fare for dambrot.

Samnanger kommune syner til Statsforvaltaren i Vestland sitt fråsegn av 14.08.2023, om at naturmiljøkartlegginga må vere gjennomført etter gjeldande metodikkrav. Statsforvaltaren har også påpekt at utbyggar må søke Statsforvaltaren om løyve etter forureiningslova.

Vestland fylkeskommune har i høyringsuttale til planendringssøknad og forlenging av byggefrist av 17.08.2023, påpekt at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før ev. iverksetjing av tiltak.

Fylkeskommunen viser til kartlegginga for friluftsverdiar i 2018: Området som vert råka er del av eit større samanhengande område som er kartlagt som viktig friluftsområde/utfartsområde.

Samnanger kommune er einig i at dei beste løysningane for friluftslivet må ivaretakast.

Samnanger næringsforum har i uttale av 16.08.202, påpekt at den minst vassføringa på 30 l/s må verte halden til ei kvar tid. Samnanger kommune er einig i dette.

Samnanger kommune oppmodar utbyggar til å ha fokus på dei beste tekniske løysningane med tanke på naturmiljøet. For utvidinga av skogsvegen på 120 meter, ber vi som et skogsvegen vert tilbakeført til ein ATV-veg når dette er mogleg. Dette med tanke på vegetasjonen.

Oppsummering

Samnanger kommune vurderer planendringssøknaden som mindre omfattende enn den opphavlege konsesjonssøknaden frå Aldal Kraft AS. Utbyggjar vert oppmoda til å ha fokus på dei beste løysningane for naturmiljøet og friluftslivet.

Med helsing

Ragnhild Lønningdal
einingsleiar

Reidun Marie Lillebø
rådgjevar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.

Kopi:
Statsforvaltaren i Vestland
Vestland fylkeskommune
Samnanger næringsforum